



TRONDHEIM SPORTSFISKERE

Postboks 2952, Sluppen
7438 Trondheim
Bankkto: 9235.20.84206

06.10.2008

Hei alle saman!

Her kjem informasjon om aktivitetar i haust.

Medlemsmøte med Rune Kabbe

Torsdag 23 oktober kjem Rune Kabbe for å halde foredrag og binde fluger. Temaet er ”fluefiske etter havabbor”. Sjølv om fokus er på havabboren så kan teknikkane og brukast for andre fiskeslag i sjøen. Rune Kabbe er ein av pionerane innan havabborfisket og ein flink og oppfinnsom flugebindar. For nokon er han vel og kjend frå filmen om havabborfiske som kom for ei stund tilbake. Vi her i Trøndelag kan møte opp for å gjere oss klar til at varmare klima bringar fleire havabborar til våre strok og.

Dette møtet vert arrangert ved Instiutt for vann- og miljøteknikk ved NTNU, i S.P. Andersensvei 5 på Valgrinda. S.P.Andersensvei går mellom Strindveien og Klæbuveien. Kjem de frå Klæbuveien er det andre avkøyning til høgre, kjem de frå Strindvegen er det tredje avkøyning til venstre. Fri parkering i området. Vi slepp inn folk mellom 1745 og 1800, etter det må de ringe underteikna. Tidspunktet er **torsdag 23/10 kl 1800**. Merk dykk tidspunktet som er tidlegare enn det som er vanleg for desse møta.

Medlemsmøte med Jan Erik Granbo

Torsdag den 27. november stiller Jan Erik Granbo opp på medlemsmøte for å snakke om laksefiske. Han treng vel ingen nærare presentasjon for medlemmane etter fleire tidlegare møte i foreninga. Tema er ikkje heilt klart enno, men vi kan vel vente oss eit interessant foredrag frå ein kunnskapsrik og entusiastisk laksefiskar. Møte blir arrangert i Lysbuen kantine ved SINTEF Energiforskning. Møtet startar kl 1900. Vi vil sleppe inn folk mellom 1845 og 1900, og etter det må de ringe underteikna for å bli låste inn.

Kasting

Sidan vi ikkje driv med handball vert det vanskelegare og vanskelegare å kome til i Nidarøhallen, men etter eit omfattande kontaktverksemd mot idrettskrinsen har vi fått nokre tidspunkt der vi kan disponere hallen. Merk at dersom det vert arrangert handballkampar desse dagane så misser vi tida vår. Følg med på websida for å finne ut om tidene vert forandra.

12.10.2008	1800	2200	Nidarøhallen A
19.10.2008	2000	2200	Nidarøhallen A
30.11.2008	2000	2200	Nidarøhallen A
21.12.2008	2000	2200	Nidarøhallen A
25.01.2009	2000	2200	Nidarøhallen A
01.02.2009	2000	2200	Nidarøhallen A
22.02.2009	2000	2200	Nidarøhallen A
01.03.2009	2000	2200	Nidarøhallen A
08.03.2009	2000	2200	Nidarøhallen A
19.04.2009	2000	2200	Nidarøhallen A

No vart vel Byåsen slått ut av mesterligaen (kvalifiseringa tok kastinga vi hadde fått tildelt 5/10), så det reduserer vel sjansen til at vi misser desse tidene. Den eines død den andres brød...

I løpet av vinteren vil vi prøve å få til nybyrjarkurs i flugekasting i løpet av nokre kveldar.

Flugebinding

Vi startar opp igjen flugebindinga måndag 13/10 kl 2000 i møterom 2 ved SINTEF Energiforskning. Dette er same bygninga som medlemsmøta og vi håper mange finn tid til å kome innom for litt flugebinding. Vi har planar om å få til nokre temakveldar utover vinteren der vi får flinke flugebindarar til å kome innom for å demonstrere spesielle teknikkar eller å lage spesielle mønster.

Om noko er interessert i nybyrjarkurs i flugebinding kan de ta kontakt med underteikna. Om vi får med ei 4-5 personar vil vi prøve å få til eit slikt kurs.

For styret

Knut Alfredsen

Mob-tlf. : 93205501

E-post. : knut.alfredsen@ntnu.no